

Ottar Grepstad

Gledene ved endring og konflikt

Foredrag på ABM-konferansen 2010

Radisson Blu Plaza Hotel, Oslo 12. oktober 2010

Bli med til Alta. La oss dra til Alta og finne ut kva ein abm-institusjon kunne utrette i ei tid då den store forteljinga om norsk nasjonsbygging var i ferd med å bryte saman.

Bakgrunnen for denne konferansen er at institusjonane er blitt større, dei har fått vesentleg meir pengar å handle for, dei er blitt meir profesjonelle og har fått mange fleire medarbeidarar som på papiret har tid til meir tenking og formidling. Endringane utanfor kulturlivet er endå større: Meir kunnskap blir utvikla enn nokon gong, og meir av denne kunnskapen er i prinsippet allment tilgjengeleg. Samstundes har konferansen mint om at ingen institusjon er nøytrale kunnskapsinstitusjonar.¹ Kunnskap, formidling og meining heng altså i hop.

I opningsforedraget sitt utfordra Stein Slyngstad med god grunn fleire etablerte sanningar.² Eg prøver å ta den utfordringa eitt steg vidare. Eg ser forbi utstillingsmediet til andre former for offentleg ytring og deltaking i den offentlege samtalen, for ikkje å seie debatten. For dei institusjonane som er

¹ Jf. også omtale av den såkalla representasjonskrisa i *Forskning om museer og arkiv*, ABM-utvikling og Norsk kulturråd, april 2010, s. 3.

² Stein Slyngstad: "ABM-institusjonenes samfunnsrolle", opningsforedrag på ABM-konferansen 2010 11.10.2010, egne notat,

knytte til den offentlege forvaltninga, er grensene her klare. For oss andre er utvegane legio.

Endring er av det gode, medan konflikt sjeldan er noko å trakte etter. Gleda over endring er at vi no treng ei anna eller helst fleire andre forståingar av fortida, og desse må vi bruke på nye måtar. I denne situasjonen må samfunnsrolla vår definerast og presiserast. Denne utdjupinga gjer det nødvendig å klargjere eitt av dei mest grunnleggjande vitskapsteoretiske skilja. Når det er gjort, er det på sin plass å minne om den menneskelege faktoren mellom gjenstandane og gjestene. Dette fører over i ei drøfting av grensene for forteljinga no når rammevilkåra våre er så sterkt endra. Konklusjonane blir deretter. Det heile tek til som det gjerne gjorde i det klassiske radiohøyrespelet *Dickie Dick Dickens*: Nokon tek ein telefon. Det er i Alta det ringjer.

Ein samfunnsaktør i 1981

Ein dag i februar 1981 blei direktør Bjørn Aarseth ved Tromsø Museum oppringd. Konflikten om den planlagde utbygginga av Alta-Kautokeino-vassdraget var inne i sin mest kritiske fase. Det dreia seg om det mest marginale kulturlandskapet i Noreg og om ei ny kulturforståing av fortida. Saka delte både det norske storsamfunnet og samefolket, og eit museum spelte ei avgjerande rolla som først blei offentleg kjend i 2003.³ Denne historia gir meining til utsegna om gleda over endring og konflikt.

Stortinget hadde vedteke utbygginga i januar 1978, og like før dei folkevalde tok sommarferie i 1979, avviste dei med stort fleirtal å utsetje utbygginga. Den eine protestaksjonen avløyste den andre. Regjeringa Nordli gav ordre om anleggsstans og varsla utgreiing om samane sine rettar. Før det

³ Historia om Tromsø Museum si rolle i saka blei første gongen publisert i Ottar Grepstad og Kirsti M. Thorheim: *Fotefar mot nord. En kulturhistorisk reise i Nord-Norge og Namdalen*, Oslo 2003, s. 666 ff.

utgreiingsarbeidet kom i gang, kom den same regjeringa i ei stortingsmelding til at utbygginga ikkje truga livsgrunnlaget og rettane til samane – dei som enno ikkje var utgreidde, og at ei ny utbygginga difor ikkje trong utsetjast på ny til samane sine rettar var utgreidde. Denne øvinga i politisk logikk slutta stortingsfleirtalet seg til. Utgreiingane blei først ferdige inn i 1985. Då var alt over.

I desember 1980 gav Alta heradsrett staten medhald. Fleirtalet på fire sa ”det er vanskelig å godta en slik saksbehandling hos offentlige myndigheter som i denne saken”, og eit mindretal på tre meinte at utbyggingsvedtaket var ugyldig. Med knappast mogleg margin var dermed den juridiske sida av saka på plass. Politisk var derimot ingen ting uløyst.

I januar 1981 slo 200 aksjonistar leir på anleggsvegen i 33 kuldegrader. Ti dagar seinare var desse blitt til 800. Dei blei fjerna ved hjelp av det største oppbødet av politi i norsk fredstid, og anleggsarbeidet kom i gang att.

I hovudstaden set samar i gang svelteaksjon, som dei gjorde to år før. Regjeringa Nordli går av, dels av ytre press, dels av indre oppløysing. Inn kjem Gro Harlem Brundtland. Med seg har ho Einar Førde som kyrkje- og undervisningsminister. Han forstår at her gjeld det å kjøpe seg tid. Med grønt lys frå statsråd Førde ringjer ekspedisjonssjef Johs. Aanderaa Tromsø Museum og seier at dei bør gjere krav på undersøkingar i anleggsområdet med heimel i kulturminnelova – den sorterer under Miljøverndepartementet.

Som tenkt, så gjort. Den 21. februar 1981 drøftar representantar for Tromsø Museum saka med Miljøverndepartementet. Tre dagar seinare vedtek regjeringa Brundtland at vidare anleggsarbeid skal stoppast til arkeologar har gjort undersøkingane sine og Miljøverndepartementet har fatta vedtak i saka. Alle aksjonar blir innstilte.

Dagen etter drog representantar frå Tromsø Museum på sin første synfaring i anleggsområdet. Strekt over fleire somrar gav arkeologiske undersøkingar både ny og sikrare kunnskap om Finnmarksvidda og dermed

samehistoria. Det blei dokumentert at folk hadde budd i området i inntil 8000 år. Berre dei tre første somrane blei det funne store mengder fornminne i anleggsområdet, frå steinaldertufter og sesongbuplassar til gammetufter av uviss alder, og over 4500 gjenstandar.

I åra etterpå gjorde norske styresmakter meir for samisk kultur og kulturlandskap enn på resten av 1900-talet. Blant dei mange tiltaka var grunnlovsfesta rettar i 1988 og innføring av Sametinget i 1989. I dag står den 110 meter høge betongdemninga ved Savtso som eit minnesmerke over ein siger som den norske staten tapte, og eit nederlag som samane på Finnmarksvidda vann.

Den kritiske samfunnsaktøren

Denne historia har ei hake. Det var ikkje Tromsø Museum sjølv som gjekk inn i rolla som samfunnsaktør. Det var staten som sette museet på sporet. Slik har det også i stor grad vore på 2000-talet. Det aukande snakket om musea si samfunnsrolle kom først og kjem framleis sterkast frå staten. Det er som om staten bed om opposisjon og sjølvstende. Det har staten gjort før. I 1930-åra tok staten dei initiativa som måtte til for at fiskarane skulle gå saman i Noregs Fiskarlag. Staten trong ein organisert motpart og medspelar i utviklinga av norsk fiskeripolitikk.

Det pressa omtalar som samfunnsoppdraget sitt, er ein parallell til den gryande diskusjonen om musea si samfunnsrolle. Skilnaden er at pressa reiste den diskusjonen sjølve, utan at dei enno har noka felles forståing av kva det samfunnsoppdraget faktisk går ut på. For kulturinstitusjonane er det altså staten som har utløyst debatten. Det bør vere ein tankekross. Det er ein del av den nordiske demokrati- og velferdsmodellen at vi stoler på staten, men institusjonelt sjølvstende er også ein del av denne modellen.

Samfunnsrolla er blitt definert på minst to ulike måtar på denne konferansen.

David Fleming framheva det sosiale ansvaret for musea og aksepterte premissen frå styresmaktene om at musea og andre kulturinstitusjonar må vere til nytte og gi eit offentleg utbytte for pengane som blir satsa.⁴ I dette ligg faren for ein instrumentell museumspolitikkk der den store forteljinga om nasjonsbygging blir erstatta av ei anna historie som vi skal hjelpe til med å legitimere. Samfunnsrolla inneber derimot at institusjonane fungerer uavhengig av skiftande politiske regime i Noreg og fristilte frå omdømebygging og andre politiske åndsmotar.

Gunnar Urtegaard knytte interaktivitet til samfunnsrolla: Vi skal vere utoverretta institusjonar og tilgjengeleg for brukarane.⁵ Det vi har dokumentert, skal formidlast til allmenta, elles kan dokumentasjonen knapt få noko å seie. Men: Når musea alt i dag har 270 millionar dokumentsider og det er publisert 800 000 gjenstandar på Digitalt Museum, må nokon ta eit redaktøransvar. Den fragmenterte informasjonmengda tvingar fram spørsmålet om kva som då er viktig og relevant. Di meir informasjon, di meir må veljast ut. Til det treng museum og arkiv ein kulturfagleg overbygning som inkluderer historisk forståing og forståing av samfunnet. Den overbygningen held eg for å vere like viktig som dei tekniske løysingane for å gjere eit materiale allment tilgjengeleg.

Mi forståing er at samfunnsrolla også gjer oss til samfunnsaktørar der dokumentasjon og kunnskap blir supplert med meining og handling. Det kan vi og bør vi gjere på ulike måtar. Vi skal bli verande ulike.

Ein samfunnsaktør kan gå inn i si fortid og revurdere forståinga av historiske hendingar, avdekkje skilsetjande hendingar og skjulte overgrep, og utvikle ei anna forståing av historiske aktørar enn den som til no har prega skriftene og kvardagstalen.

⁴ David Fleming: "The role of museums in society", ABM-konferansen 2010, 11.10.2010, egne notat.

⁵ Gunnar Urtegaard: "Europeana Local – norske samlingar i eit europeisk perspektiv", ABM-konferansen 2010, 11.10.2010, egne notat.

Vidare kan ein samfunnsaktør gå inn i si samtid og dokumentere andre sider av ei aktuell sak enn dei som til no har vore kjende, underbyggje visse oppfatningar eller sannsynleggjere at omstridde fakta stemmer. Dette inneber mellom anna å reise debattar sjølve og gå inn i debattar som andre har utløyst.

Ein tredje måte er å bli deltakar i politiske og andre prosessar og påverke avgjerdene, ikkje berre premissane, slik Tromsø Museum gjorde i Alta-saka. Dette er den mest direkte måten å delta i samfunnsutviklinga på.

Demokrati føreset deltaking, men den deltakinga kan gjerast på mange plan og i mange former. Det å leggje fram ny kunnskap er slik sett også ei politisk, demokratisk handling fordi den er med og avklarar handlingsgrunnlaget for vedtak og tiltak. Slik sett er det ikkje eit spørsmål om kulturinstitusjonar skal ha ei offentleg rolle. Derimot må kvar og ein sjølv avgjere kva slags offentleg rolle ein vil ha og kva arena ein bør vere på.

Frå domstale til rådstale

Ein slik samfunnsaktør kan gjere seg gjeldande på minst tre ulike arenaer: kunnskap, formidling, meining. Både på kunnskaps- og formidlingsarenaen er abm-institusjonane alt lommekjende. Meiningsarenaen er meir framand mark.

Den klassiske retorikken er forståingsgrunnlaget for offentleg samtale og offentlege ytringar i Vesten gjennom meir enn 2000 år.⁶ Vi kan, heiter det i retorikken, føre ein domstale over fortida, ein påpeikande tale om samtida eller ein rådstale om framtida. Domstalen kan gjerne vere kritisk. Den påpeikande talen eksisterer i spennet mellom ros og ris. Rådstalen er den mest opne forma for ytring fordi vi ikkje kan vere sikre på kva som er rett å meine eller rett å gjere.

⁶ Jf. Ottar Grepstad: *Retorikk på norsk*, Oslo 1988.

Spesialiteten vår er fortid. Arkiv, bibliotek og museum veit mykje om fortida, medrekna samtida, men mest om den fortida som er ein del år unna. Denne kunnskapen om fortida kan vi bruke til å meine noko om framtida. I så fall tek vi det retoriske spranget frå domstale til rådstale.

I den mentale bagasjen treng vi då også det vitskapsteoretiske skiljet mellom *er* og *bør*. Ein som veit mykje om det som var, veit ikkje utan vidare noko meir sikkert enn andre om det som bør vere, bør skje eller bør gjerast. Rett nok er det slik at forskaren eller den sakkunnige veit meir om det som faktisk har hendt enn folk flest, og på mange felt kan det lagast ymse pålitelege prognosar som aldri kan bli noko meir enn framskriving av det vi veit pr. i dag.

Disiplinen framtidsforsking finst, men har det med å ende i prognosar. Ein prognose er ikkje stort anna enn kvalifisert gjettverk ut frå tenkinga på det tidspunktet prognosen blir laga. Dei store utopiane og dystopiane i verdslitteraturen, like frå Thomas Mores *Utopia* anno 1516, ber i seg fingeravtrykka frå den samtida dei blei forma i. Det gir difor ofte lite meining å gå frå *er* til *blir*, for det blir sjeldan slik ein har tenkt. Ein samfunnsaktør må i staden våge det store steget frå *er* til *bør*. Kva ønskjer vi skal skje? Og korleis meiner vi det best kan skje?

Der er altså ingen vitskaplege snarveggar frå kunnskap om fortid til vurdering av framtid. Grunnen er at all vurdering byggjer på normer og verdiar. Dei verdiane og normene ligg utanfor det vitskaplege.

Det blir aldri for lite historie i arkiv og museum. Spørsmålet blir då heller kva vi i tillegg kan utvikle av rådstale ut frå det vi veit. Å vere samfunnsaktør *kan* innebere at framtida blir viktigare enn fortida. Det kan vere lettare vere kritisk til hendingar og handlingar i fortida enn i samtida. Kritikkk på avstand er noko heilt anna enn nærgåande kritikkk. Å avdekkje overgrep og maktmisbruk i fortida er og blir viktig. Unntaksvis, men berre unntaksvis, får slike avsløringar konsekvensar for framtida. Likevel kan slike kritiske blikk på fortida også gjere oss meir kritiske til hendingar og endringar i samtida.

Den som samfunnsaktør vil vere, må nok før eller seinare ut av sin eigen institusjon og inn på arenaer andre styrer eller pregar. Å bli deltakar i ein så tung konflikt som Alta-saka krev sitt. Det er slett ikkje opplagt at alle bør oppsøkje slike situasjonar, men utvegen er open. Eit institusjonsnamn som Eidsvoll 1814 gir i prinsippet autoritet i spørsmål som gjeld demokrati. På same måten bør Kvinnemuseet med stort truverde kunne gå inn i kjønnspolitiske spørsmål.

Vi kan dokumentere fortid, men ikkje framtid. Funksjonen vår som dokumentasjonsinstitusjonar blir difor utfordra når perspektivet blir flytta frå *er* til *bør*. Det er ikkje opplagt korleis vi kan gå inn på meiningsarenaen utan å miste ein del av det truverdet vi har på kunnskapsarenaen. Både Stephen Conn og David Armstrong har her framheva at folk har stor tillit til musea.⁷ Den tilliten må vi ta godt vare på.

Kunnskapen om fortida var ein nødvendig føresetnad for at Tromsø Museum kunne gå inn på meiningsarenaen om framtida for Finnmarksvidda. Det David Fleming kalla appetitten for risiko, får mykje næring viss vi går inn på meiningsarenaen om framtida.⁸ Å gjere det er å utsetje seg for risiko og konflikt, slik Jugendstilsenteret i Ålesund fekk merke då dei tok til å meine noko om den vidare utviklinga av jugendbyen Ålesund.

Forskinga kjem nærmare presens og samtida, sa Anna Svenson.⁹ Di meir den gjer det, di vagare blir skiljet mellom *er* og *bør*. Demokratiske deltaking dreiar seg meir om rådstale enn om domstale. Difor må forteljingar om fortida supplerast med resonnement om framtida.

⁷ Stephen Conn: "Do museums still need objects?", ABM-konferansen 12.10.2010, egne notat; Peter Armstrong: "What's the Point? Why bother?", ABM-konferansen 12.10.2010, egne notat.

⁸ David Fleming, same staden.

⁹ Anna Svenson: "Arkiv og makt", ABM-konferansen 2010, 11.10.2010, egne notat.

Den menneskelege faktoren

På det nasjonale museumslandsmøtet i Trondheim i år sa Stein Slyngstad at han hadde tru på større institusjonar for å kunne setje dagsorden og få større politisk gjennomslag. Det synet deler eg. Difor vil eg presentere nokre enkle funn om kor store vi no er blitt og kva som då er viktig for rolla vår som samfunnsaktør.

Utgangspunktet er omgrepet *kritisk masse* i kjernefysikken. Den store norske leksikondefinisjonen er at kritisk masse er den minste mengda av fissilt stoff som må til for å halde oppe ein kjedereaksjon.¹⁰ Fysikkprofessor Kristian Fossheim forklarar det betre: ”Klaskar du saman to radioaktive massar som begge er for små til å eksplodere kvar for seg, så kan dei to bitane til saman kome over den kritiske storleiken, og då smell det!”¹¹

Dette brutale fenomenet er blitt ein metafor med to i seg til å sprengje mange tradisjonelle tenkje- og handlemåtar. Når den kritiske massen er der, syter sjølvforsterkande og dynamiske mekanismar for vidare utvikling og vekst. Det som ligg under nivået for kritisk masse, risikerer å ende i stagnasjon. Der to personar ikkje kjem av flekken, kan ein tredje verke heilt forløyssande, seier Fossheim.

Kva er då minstestorleiken for å oppnå det vi vil? Kor små kan vi vere når vi skal gjere noko stort? Samfunnsvitarane seier gjerne at eit miljø må ha frå fem til åtte medarbeidarar for å kunne lykkast. Før samanslåinga av museum la styresmaktene til grunn at dei nye einingane burde ha iallfall 11–12 medarbeidarar. Det er noko kjent ved det talet, er det ikkje? Ein av dei første som stilte denne typen spørsmål, var Jesus. Svaret hans var som kjent tolv.

Dei fleste kulturinstitusjonane er blitt vesentleg større og meir profesjonaliserte. Museumsbransjen er noko heilt anna i dag enn for femten år

¹⁰ *Store Norske leksikon*, 3. utgåva, Oslo 1997.

¹¹ Kristian Fossheim i e-post 8.9.2003.

sidan. Midt på 1990-talet hadde kvart museum i gjennomsnitt 1,2 tilsette.¹² Dette svara til noko slikt som eitt årsverk. I 2009 blei det utført 34 årsverk ved kvart museum.¹³ To av tre museum var mindre enn dette. Det vil seie at mediantalet kanskje låg rundt 25 årsverk. Størst var Norsk Folkemuseum med 175 årsverk, minst var Svalbard Museum med fem.

Vi er altså store nok. Bak desse store tala skjuler det seg likevel i mange institusjonar strukturar med einmannskontor og små fysiske einingar. Like lite veit vi diverre om kor store fagmiljøa faktisk er.

Profesjonalisering av institusjonane er ei av dei viktigaste endringane det siste tiåret. Den viktigaste innsatsfaktoren i profesjonelle kunnskapsinstitusjonar som våre er dei som arbeider der. Likevel er styresmaktene framleis meir opptekne av gjenstandar, objekt og utlån enn av dei truleg godt over 12 000 menneska som arbeider i abm-institusjonane.¹⁴ Også denne konferansen har snakka lite om dei folka som skal dokumentere, administrere og formidle det heile. I alle dei meldingane Stortinget har drøfta dei siste åra, står det like lite. Det gjer det også i offentleg statistikk, trass i at abm-institusjonane har sendt inn tala sine om dette.

Viss alle institusjonar har rapportert kvart år – det er ikkje sikkert, men viss dei har det, fekk norske museum 493 fleire fast tilsette frå 2002 til 2008.¹⁵ Det er ein auke på heile 23 %.¹⁶ Spørsmålet er kva desse gjer, og kva alle kollegaene deira gjer.

Samlingsforvaltning er viktig for både arkiv, bibliotek og museum. Sanneleg er det også viktig kva dei tilsette kan og kva dei gjer. Stortinget har pålagt abm-institusjonane å rydde plass til kunnskapsutvikling innanfor dei

¹² Utrekna av direktør Roger Erlandsen ved Akershusmuseet, samtale 7.10.2010. Universitetsmusea er ikkje rekna med verken i 1994 eller i 2008.

¹³ Utrekna på grunnlag av *Prop 1 S (2010–2011) Det kongelige Kulturdepartement*, s. 129 ff.

¹⁴ Talet byggjer på den føresetnaden at forholdet mellom årsverk og tal tilsette i bibliotek er typisk for heile abm-sektoren. I 2007 utførte 2546 tilsette i folkebiblioteka 1797 årsverk, i gjennomsnitt 0,7 årsverk pr. tilsett. I 2008 blei det utført om lag 8600 årsverk i abm-sektoren, jf. tabell 1 (då er 650 årsverk i skulebibliotek rekna med, jf. *St.meld. nr. 23 (2008–2009)*, s. 49). Dette tilseier over 12 000 tilsette.

¹⁵ Utrekning i tabell 1.

¹⁶ Frå 2001 til 2008 auka talet på faste stillingar med 30 %, står det i *St.meld. nr. 49 (2008–2009)*, s. 113.

årlege driftsbudsjetta. Likevel er det i dag uråd å seie noko sikkert om korleis abm-institusjonane her utviklar seg generelt. Institusjonane rapporterer kvart år kor mange årsverk som har vore brukte på driftsfagleg eller kulturfagleg arbeid, men dei tala er til no blitt borte. Om lag det einaste vi veit er at i 2008 brukte arkiva 57 % av årsverka sine til arkivfagleg arbeid, men vi veit ikkje om dette også er typisk for andre kulturinstitusjonar. Skal abm-institusjonane bli sterke samfunnsaktørar, må vi vite mykje meir om dette, slik at institusjonspolitikken blir styrt i riktig retning.

Resonnement, ikkje berre forteljing

Musea har flytta noko av interessa si frå gjenstandar til forteljing, sa David Spence.¹⁷ Forteljing er teksten til tidsmelodien. Det er så mange som gjer forteljinga til det eine store, og inga forteljing i Noreg på 1900-talet var større enn Den store forteljinga om bygginga av nasjonen Noreg. Samfunnsvitarane meiner den nasjonsbygginga tok slutt for fleire tiår sidan. No står vi overfor eit paradigmeskifte.

Det er ikkje slik at berre folk veit nok om fortida, så endrar dei haldning om framtida. Økonomiske, sosiale og geografiske interesser er tre av dei faktorane som påverkar den haldninga mest. Etter kvart blir etnisitet ein fjerde faktor. Kan det likevel tenkjast at det å repetere forteljingane våre også er ein nødvendig føresetnad for å halde oppe forståinga av det liberale, nordiske demokratiet? Kanskje er det vi kunne kalle *demokratisk og kulturell sosialisering* den nye store forteljinga som no trengst, viss vi treng ei slik samanfattande forteljing som gir fragmenta samanheng.

All forteljing er som kjent utval og utdrag av røynda ut frå det vi veit om røynda og slik vi tolkar og forstår denne. Difor må vi klargjere både for oss

¹⁷ David Spence: "If we ask, do we have to listen?", ABM-konferansen 2010, 11.10.2010, eigne notat.

sjølve og allmenta kva resonnement som ligg til grunn for desse forteljingane, og kvifor det er dette vi fortel. Det behovet blir ikkje mindre med meir interaktive museum der publikum sjølve kan velje mellom forteljingar. Nokon har laga dei forteljingane for dei.

Spør gjerne kva forteljingar det er som manglar. Vi bør likevel ta mål av oss til meir enn å komplettere og nyansere og korrigere det Slyngstad kalla vi-forteljinga og som eg har kalla Den store forteljinga om nasjonsbygging. Det er blitt nødvendig å *endre* den forteljinga og jamvel gå bort frå ideen om den eine store forteljinga. I det ligg å utfordre hegemoniet om korleis det blir tenkt om fortida og kva det er legitimt å diskutere.

Forteljing er blitt ein metafor for ein type formidling, men er også ein sjanger, ein måte å ordne stoffet på som er alt anna enn nøytral. Forteljinga høver best for det som kan ordnast i kronologi og kausalitet. Sjølv den mest opne forteljinga har sine skjulte premissar som følgjer med sjangeren.

Ikkje berre er det mange som leitar etter det som i det minste kan vere gode forteljingar. Mange forteljingar er også mest for repetisjonsøvingar å rekne. Ein vesentleg del av den nye kunnskapsutviklinga er å lese kjeldene på ny. Difor er tilrettelegginga av arkivmateriale så verdfull. Di meir tilgjengeleg arkivmaterialet blir, di vanskelegare blir det å halde fast ved dei gamle forteljingane. I staden for å lese attforteljingane bør vi heller hente fram kjeldene, lese dei på ny og forstå dei på vår måte.

Då blir det viktigaste å snakke om dei store resonnementa, syntesane, samanfatningane. Di meir kunnskap vi utviklar, di større blir behovet for syntesar, og di viktigare blir det å unngå fragmentert kunnskap. Kvar ei utstilling, kvar ein tekst på Internett, kvar ein kronikk kan isolert sett verke som fragment. Likevel er det mogleg å forme dei innanfor ein tenkt heilskap, som så endrar seg undervegs fordi også fragmentert kunnskap bidreg til å endre syntesen.

Resonnement eller forteljing, publiserast og formidlast skal det. På dette punktet heng ei gamal tenking att når styresmaktene spør kor mange store publikasjonar institusjonane har vore med og laga siste året. Vel er det slik at sidetalet *kan* seie noko om kor omfattande og grundig eit arbeid har vore. Sidetal åleine fortel likevel sjeldan mykje om graden av nytenking og originalitet, heller ikkje om evna til å vere utoverretta og villig til å nå mange med kunnskapen sin. Albert Einstein skreiv stort sett korte artiklar då han utvikla relativitetsteorien sin. Han blei jamvel refusert mange gonger før han fekk den første på trykk.¹⁸ Dokumentasjon og forskning i små format kan vere like relevant for samfunnsrolla som dei store skriftene, særleg viss vi går inn på meiningsarenaen.

Når vi skal tenkje nytt og leite fram andre samanhengar, treng vi ein ny fellesarena der vi deler dokumentasjon og forskning, og refleksjon om dette, med kvarandre. Det kan sikre at museumsbransjen blir verande raus. Vi må halde fram med å unne kvarandre suksess, ikkje bli gjerrige institusjonar som tviheld på vårt i frykt for at andre skal oppdage det vi har funne ut.

Den redigerte røynda

Det dreiar seg om å gi publikum våre bidrag til ei redigerte røynd. Ei stad går der ei grense for kor meiningsfullt det er å gi publikum endå meir å velje mellom. Fragmenterte opplevingar er noko heilt anna enn syntese av kunnskapar. Det hjelper lite med endå meir fragmentert kunnskap viss ramma for denne kunnskapen manglar.

Gleda over konflikt er ofte lita. Det gode ved konflikt er at det utløyser endringar og behov for endringar. Endring er av det gode, men vi må også finne ut kva det er vi ikkje vil endre. Då må vi kanskje jamvel vurdere endringane

¹⁸ Jf. Ottar Grepstad: *Det litterære skattkammer*, Oslo 1997, s. 204.

utanfor kulturinstitusjonane, ute i de såkalla samfunnet. Gleda ved endring er stor fordi endringa kan få oss til å tenkje noko vi aldri har tenkt før og gjere noko vi ikkje har gjort før, iallfall ikkje på den måten, og jamvel føre til at vi oppnår resultat vi ikkje trudde vi kunne nå. Då er det minst fem ting som gjeld.

Det eine er at kulturpolitikken no bør dreie seg meir om innhald og mindre om form, meir om faglege strategiar og mindre om organisering. Den politikken bør institusjonane sjølve vere med og leggje premissane for.

Det andre er at vi treng ny kunnskap for å ha noko anna å formidle enn det vi har no. Vi må ha kunnskapen før vi formidlar, og så vil formidlinga utløyse behov for ny forsking. Forsking kan vere ein måte å halde på som før, men kan også vere ein strategi for endring.

Det tredje som gjeld, er at vi treng kritisk refleksjon over det vi arbeider med, forskar i, dokumenterer og formidlar. Entusiastisk formidling utan kritisk refleksjon blir overflatisk og utvendig.

Det fjerde er at vi bør ta mål av oss til å endre tenkinga utanfor våre eigne institusjonar og vår eigen bransje. Det er der ute vi skal vere samfunnsaktørar, kvar på vår måte, ut frå våre ulike føresetnader. For meiningsbrytinga og meiningsvariasjonen sin del blir det då viktig at vi ikkje alle tenkjer likt.

Det femte som gjeld, er at større og meir handlekraftige institusjonar kan skape eit nytt handlingsrom. Det handlingsrommet bør vi i så fall sjølve gjere vårt for å fylle før Stortinget, Kulturdepartementet, Kulturrådet, fylkeskommunar og kommunar gjer det. Demokratisk og kulturell sosialisering må gjerne prege det handlingsrommet. Dei institusjonane som er sjølvstendige og ikkje ein del av statsforvaltninga, må sjølve nytte dei sjansane dei får. Det vil i neste omgang gjere det lettare for andre å følgje etter og erfare gleda over endring.